

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Norgeshus Hindenes Hus AS

Ostereide  
5993 OSTEREIDET

<b>Dykkar ref.</b>	<b>Sakshandsamar:</b> Knut Bjørnevoll
<b>Vår ref.</b> 2010/1621 - 0 - 2017/2013	<b>Telefon</b> 56375000
<b>Arkivkode:</b> 37/57	<b>Dato:</b> 24.01.2013

Delegert sak

## Løyve til tiltak – einebustad nybygg - og utsleppsløyve May-Ann Fimland - gbnr 37/57 - Myking

**Vedtak 1:**

Med heimel i forskrift om begrensning av forurensning kapittel 12, fastsett 1.6.2004, (forurensningsforskriften), vert det gitt løyve til utslepp som skal reinsast med biologisk og kjemisk minireinseanlegg og i gå i tett leidning til bekk med heilårs vassføring, evt. til landbruksdrenering i lukka grøft.

Det skal leggst fram leverings- og serviceavtale for minireinseanlegg.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gitt, elles fell løyvet bort.

**Vedtak 2:**

Kommunen gjev løyve til oppføring av einebustad med dobbelgarasje i underetasjen, tilkomstveg og avløpsanlegg, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknader om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal utførast etter situasjonsplan og teikningar mottekne 14.12.2012
2. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 14.12.2012. med **planert tomt på kote 130**. Kontroll av plassering skal utførast av ansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ringmur vert sett i gang, og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande (PBL § 29-4).
3. Kvalitet og mengde på drikkevatt skal dokumenterast før bygningen vert teken i bruk (PBL § 27-1).
4. Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

5. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
6. Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, er gjeve, jf pbl § 21-10

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

-----

### Søknaden

Søknaden gjeld bygging av einebustad med dobbel garasje i underetasjen på tidlegare frådelt tomt.

Avstanden til kommunal vassleidning er 100 m i luftlinje. Kommunen vil likevel godta at det vert nytta privat borhol som vassforsyning, fordi grøftkostnaden ved tilknytning til kommunen sitt anlegg vil verta urimeleg høg. Avløpsløyvinga er minireinseanlegg med kjemisk og biologisk reinsing. Rett til å legga tilkomstveg og VA-anlegg på naboeigedom er dokumentert med vedlagt kopi av skøyte .

### Saksgang/historikk

Plan- og miljøutvalet gav i sak 65/12 dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen for oppføring av einebustad i uregulert byggeområde for bustad.

I same sak vart det gjort unntak frå krav til gangtilkomst og tilgjengeleg bueining med heimel i TEK 10 §§ 8-6 og 12-2. Krav til stigning på tilkomstvegen vart lempa i PM-sak 93/12 (frå 1:8 til 1:7,3).

### Naboforhold

Det er gjennomført nabovarsling etter PBL § 21-3. Ingen nabomerknader.

### Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til sin funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Godkjenning av føretak for ansvarsrett i samsvar med Pbl §§ 22-3, jf 21-4 (3).

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	T1		Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Arkitektur og bygningsutforming	Norgeshus AS	948490412	S
PRO	T1	Radonsikring	Norgeshus AS	948490412	S
PRO	T1	Våtrom, membran	Norgeshus AS	948490412	S
PRO	T1	Grunnarbeid, fundament	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Ringmur, betong, pipe	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Byggeteknikk, tømrararbeid	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Ventilasjon	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Terrengprofil, situasjonsplan	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Vatn og avløp utvendig	Lindås Rør & Sanitær AS AS	935347920	S
PRO	T1	Vatn og avløp innvendig	Lindås Rør & Sanitær AS AS	935347920	S

UTF	T1	Plassering av tiltaket	Medaas Oppmåling	986448551	L
UTF	T1	Tømrrar	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Radonsikring	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Ringmur, betong, pipe	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Våtrom, membran	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
PRO	T1	Ventilasjon	Norgeshus Hindenes Hus AS	979446586	S
UTF	T1	Vatn og avløp utvendig og innv	Lindås Rør & Sanitær AS AS	935347920	S
UTF	T1	Grunn- og terrengarb, grøfter, veg	Odd Haugen Maskinstasjon	953498685	S

### Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ (2012-satsar). Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C5.2. Søknadspliktige tiltak (Pbl§ 20-1)			
C5.2a2 Bustad. Første bueining	12.400	1	12.400
C5.2b1 Tilleggsgebyr, lite			2.600
G.2a Utsleppsløyve			4.400
SUM			<b>19.400</b>

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll

Kopi til:

May Ann Fimland    Henrik Wergelandsgate 24 A    5013    BERGEN  
Teknisk drift        Her